
Fra: Kristin Nåmdal
Sendt: 18. august 2015 14:22
Til: 'ture.andersen2@bkkfiber.no'
Emne: Forretningsområde på Holme

Hei,


Viser til din epost datert 18 juni, eg beklager seint svar.

Du referer til kommuneplan og eit forretningsområde på Holme, der du ikkje er kjent med at området er lagt ut som næringsareal.

Ein arealplan er ein overordna plan for heile kommunen, der ein gjer vurderingar i høve disponering av areal til framtidig bruk. Administrasjon og i neste fase politikarane vurderte det slik at forretningsområde ved Holme kunne ha behov for ei utviding/ nye arbeidsplassar i framtida, og difor er det lagt ut ein mindre del med næringsareal på Holme. Sjølv om området ligg inne som næringsareal i denne planen, betyr ikkje det automatisk at det vil bli brukt til næring i nær framtid.

Dersom du vil skilje ut område for å selje det, må det vere til ein kjøpar. Er det interessentar i området? Dersom du ynskjer at Meland kommune skal kjøpe arealet, er det truleg ikkje aktuelt i nær framtid. Berre ta kontakt om du har fleire spørsmål i høve til korleis du går fram i arbeidet med å skilje det ut.

Illustrasjon over utsnitt av forretningsområde FO_1.
Ca 3,95 daa av 10/6 er innaføre området FO_1 som vist i kart.



Kristin Nåmdal

Tel 47466296

E-post: ntg@meland.kommune.no



Meland kommune
- Eit samfunn for alle -